



Nye Voss kommune

MØTEPROTOKOLL

Fellesnemnd

Dato: 29.09.2017 kl. 11:20-11:40

Sted: Kommunestyresalen

Arkivsak: 17/00509

Tilstede: Hans Erik Ringkjøb (Ap), Bjørg Djukastein (Ap), Jorunn Ytrefjord (V), Knut Ståle Kvissel (Frp), Ingebjørg Winjum (V), Hans Jakob Mæland (H), Annlaug Hauge Søvik (Sp)

Møtende varamedlemmer: Arne Mosefinn (Krf) for Sigbjørn Hauge

Forfall:

Andre: Einar Hauge, Trude Letnes, Asbjørn Nilsen, Rune Magnar Røthe

Protokollfører: Målfrid Sivertsen

Repr. Knut Ståle Kvissel fekk permisjon frå kl.11:35 etter handsaming av sak 30/17.

SAKSKART		Side	
Godkjenning av innkalling			
Godkjenning av protokoll			
5/17	17/00509-48	Godkjenning av protokoll	3
Informasjon			
8/17	17/00509-49	Informasjon til møte 29.09.2017	4

Saker til handsaming			
<u>26/17</u>	17/00516-53	Delegering av mynde frå fellesnemnda	5
<u>27/17</u>	17/00516-55	Budsjett fellesnemnda 2017 - 2020	6
<u>28/17</u>	17/00516-54	Gjennomføring av møte i Partssamansett utval og Fellesnemnda	7
<u>29/17</u>	17/00516-56	Prosjektleiing	8
<u>30/17</u>	17/00516-58	Rapporten Brannsamarbeid i bergensregionen	9
Referatsaker			
<u>6/17</u>	17/00516-52	Utgreiing av grensejustering - Ullensvang - Granvin - Grensejustering Oksenhalvøya	10

Voss, 29.09.2017

Godkjenning av innkalling

Det var merknad til at det framleis står mellombels fellesnemnd enkelte stader.
Administrasjonen jobber med saka

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Godkjenning av protokoll

5/17 Godkjenning av protokoll

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	29.09.2017	5/17

Administrasjonen si innstilling:

Protokoll frå møte 25.08.2017 vert godkjent.

Møtebehandling

Det var ingen merknader

Votering

Vedtak

Protokoll frå møte 25.08.2017 vart godkjent.

[Lagre]

Informasjon

8/17 Informasjon til møte 29.09.2017

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	29.09.2017	8/17

Møtebehandling

Alle i fellesnemnda møtte til møte i partsamansett utval og fekk orienteringa i det møtet.

Det vart orientert om status tilsetting av plankoordinator og prosjektmedarbeidar, status mandat for arbeidsgruppene, legesamarbeid Granvin og Voss.

[Lagre]

Saker til handsaming

26/17 Delegering av mynde frå fellesnemnda

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	29.09.2017	26/17

Administrasjonen si innstilling:

1. Delegering av mynde til fellesnemndas leiar, arbeidsutval, partssamansett utval og prosjektleiar blir vedteke slik det kjem fram i saka.
2. Fram til prosjektleiar er tilsett vil rådmennene i Voss og Granvin fungera som prosjektleiarar i fellesskap, og ha møte-, tale- og innstillingsrett til fellesnemnd og partssamansett utval. Dei har også tilvisingsrett innanfor vedteke budsjett, og ansvar for rapportering tilbake til fellesnemnda.
3. Fram til prosjektleiar er på plass må delegerte saker som påverkar organiseringa av den nye kommunen drøftast i arbeidsutval før avgjersler blir teke.

Møtebehandling

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Delegering av mynde til fellesnemndas leiar, arbeidsutval, partssamansett utval og prosjektleiar blir vedteke slik det kjem fram i saka.
2. Fram til prosjektleiar er tilsett vil rådmennene i Voss og Granvin fungera som prosjektleiarar i fellesskap, og ha møte-, tale- og innstillingsrett til fellesnemnd og partssamansett utval. Dei har også tilvisingsrett innanfor vedteke budsjett, og ansvar for rapportering tilbake til fellesnemnda.
3. Fram til prosjektleiar er på plass må delegerte saker som påverkar organiseringa av den nye kommunen drøftast i arbeidsutval før avgjersler blir teke.

[Lagre]

27/17 Budsjett fellesnemnda 2017 - 2020

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Partssamansett utval	29.09.2017	7/17
2 Fellesnemnd	29.09.2017	27/17

Administrasjonen si innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek budsjett for perioden 1.8.17 til 31.12.19 slik det ligg i saka.
2. Fellesnemnda ber kommunestyra overføre regionsentertilskotet til disposisjonsfond, og vil koma tilbake til kommunestyra med framlegg til bruk av midlane.
3. Fellesnemnda ber om kvartalsrapportering på økonomien med fyrste rapport i april 2018.

Møtebehandling

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fellesnemnda vedtek budsjett for perioden 1.8.17 til 31.12.19 slik det ligg i saka.
2. Fellesnemnda ber kommunestyra overføre regionsentertilskotet til disposisjonsfond, og vil koma tilbake til kommunestyra med framlegg til bruk av midlane.
3. Fellesnemnda ber om kvartalsrapportering på økonomien med fyrste rapport i april 2018.

[Lagre]

28/17 Gjennomføring av møte i Partssamansett utval og Fellesnemnda

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	29.09.2017	28/17

Administrasjonen si innstilling:

1. Alle medlemmene i fellesnemnda har møteplikt i Partssamansett utval og får også talerett i utvalet.
2. Så lenge møte i Partssamansett utval og Fellesnemnd blir hald direkte etter kvarandre, vil ein i høve møtegodtgjersle rekna desse to møta som eit.

Møtebehandling

Utvalet ba om at det ikkje vert nytta forkortingar i saksutgreiingane.

Votering

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Alle medlemmene i fellesnemnda har møteplikt i Partssamansett utval og får også talerett i utvalet.
2. Så lenge møte i Partssamansett utval og Fellesnemnd blir hald direkte etter kvarandre, vil ein i høve møtegodtgjersle rekna desse to møta som eit.

[Lagre]

29/17 Prosjektleiing

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Partssamansett utval	29.09.2017	8/17
2 Fellesnemnd	29.09.2017	29/17

Administrasjonen si innstilling:

Saka blir lagt fram i møte.

Møtebehandling

Ordførar Hans Erik Ringkjøp orienterte om anbuda for rekrutteringsprosessen og forventa tidsplan for arbeidet med tilsetting. Avtale blir undertekna med Mercuri Urval AS når klagefristen er ute.

Det vert møte fredag 06.10.2017 kl. 11:00 med Gro Reinertsen frå Mercuri Urval AS og fellesnemnda der forventninga, kravspesifikasjon med meir skal drøftast.

Ordføraren får tilsendt spørsmål frå Mercuri Urval AS som skal sendast vidare til fellesnemnda.

Votering

Vedtak

Det blir møte mellom Mercuri Urval AS og fellesnemnda fredag 06.10.2017 kl. 11:00.

[Lagre]

30/17 Rapporten Brannsamarbeid i bergensregionen

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Partssamansett utval	29.09.2017	9/17
2 Fellesnemnd	29.09.2017	30/17

Administrasjonen si innstilling:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Møtebehandling

Saka skulle vore som referatsak ikkje sak til handsaming.

Ordførar Hans Erik Ringkjøb orienterte om at saka kjem til hansaming i kommunestyret, men at Voss truleg går inn for brannsamarbeidet i Bergensregionen, det blir ein avtale med 6 månaders oppseiing.

Ordførar Ingebjørg Winjum orienterte om at Granvin ikkje vert med no, det er eit økonomisk spørsmål. Dei ventar til kommunesamanslåinga i 2020.

Vedtak

Saka vart teken til orientering.

[Lagre]

Referatsaker

Saknr	Arkivsak	Tittel
6/17	17/00516-52	Utgreiing av grensejustering - Ullensvang - Granvin - Grensejustering Oksenhalvøya Ordførar Ingebjørg Winjum orienterte om at Ullensvang herad jobber med saka, så skal den til fylkesmannen i Hordaland. Truleg ferdighandsama før jol.